



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Stryn - kulturhus Tingsalen
Dato:	12.03.2026
Tid:	Kl. 12:00 - 17:00

Følgjande medlem møtte

Anita Linda Pettersen Almskår
Jan Træen
Anders Magne Vik
Ellen Hilde Hauge
Ingrid Røe Maurset
Rolf Olav Tenden
Sonja Merethe Øvre-Flo
Vegard Rake Midtun
Kari Synnøve Muri
Vidar Stavik
Anders Hamre Sveen
Johan J Berge
Jorunn Oddny Aa Myklebust
Oddbjørn Reme
Rune Egil Myklebust
Silje Åsnes Skarstein
Stine Fjellkårstad
Endre Bø
Janne Elin Alsaker
Torstein Tvinneim

Parti

Ap
Ap
Frp
H
H
H
H
H
KrF
KrF
R
Sp
Sp
Sp
Sp
Sp
Sp
V
V
V

Forfall meldt frå følgjande medl.

Haldor Andre Lungård Hove
Vegard Sindre Bjørlykke
Arnljot Sæternes
Arnt Magne Paulen
Per Atle Kjøllesdal

Parti

Ap
Frp
H
Sp
Sp

Følgjande varamedlem møtte

Jarle Hessevik
Øyvind Hatledal
Inge Fænn
Lars Aage Hilde
Marit Sandnes Skrede

Parti

Ap
Frp
H
Sp
Sp

Representanten Torstein Tvinneim (V) fekk permisjon frå møtet og deltok ikkje i handsaming av sakene på saklista. Det var 24 røysteføre.

Underskrifter:

Sonja Merethe Øvre-Flo

Jon Nesje
kommunedirektør

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
003/26	Referatsaker
004/26	Årsmelding Stryn kontrollutval
005/26	Avvikling av vikarpool i pleie- og omsorgstenestene
006/26	Fastsetjing av maksimalt vederlag for opphald i institusjon 2026
007/26	Godkjenning delavtaler mellom Helse Førde og Stryn kommune
008/26	Rapport over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 31. desember 2025
009/26	Stryn kulturskule - friplassar for elevar
010/26	Årshjul - politisk handsaming av budsjett og rekneskap i 2026
012/26	Høyering - forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunane
011/26	Kommunedelplan for naturmangfald - vedtak om fastsetjing av planprogram
013/26	Solvik bustadfelt - fastsetjing av tomtepris
014/26	Val av ny vara i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne
015/26	Forskrift for skulerute skuleåret 2026 - 2027
016/26	Kommunekommisjonen høyringssvar rapport "En bærekraftig kommunsektor"

001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

KS- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/26: Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

KS- 002/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møtet vart godkjent.

003/26: Referatsaker

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

- Leiar i Stryn Ungdomsråd Kristoffer Haugen orienterte kommunestyret om rådet sitt arbeid. Ungdområdet arrangerer konferanse "Ung Kraft" 26.mars i Stryn kulturhus 26.mars.
- Leiar i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne Inge Fænn orienterte om rådet sitt arbeid.
- Presentasjon av prosjektet "Nyskapande aktivitetsanlegg ved Stryn ungdomsskule". Presentasjonen ligg som vedlegg i denne saka.
- Kommunedirektøren orienterer. Presentasjonen ligg som vedlegg i denne saka.

Spørsmål frå representanten Jorunn Aa Mykleubst (Sp)

Beredskap:

«Vi må vere forberedt på å håndtere alvorlege kriser, og i ytterste konsekvens krig.» Slik startar statsforvaltaren sitt brev til kommunane som vart sendt ut i slutten av januar. Bakteppet er eit

dystert verdensbilde og uro fleire stadar i verda.

Beredskapsministeren opplever at det er ein del usikkerheit i kommunane om kva som blir forventa av dei og kva som er deira ansvar i kriser. Stryn kommune har over lang tid laga grundige beredskapsplanar,

Men korleis er situasjonen og planane for Stryn kommune sin beredskap no?

- 1) Helse og omsorg (omsorgssenter, heimesjukepleie, legevakt osv)
- 2) Skule og barnehage (tilsyn, informasjon, transport osv)
- 3) Evakuering
- 4) Tilfluktsrom
- 5) Infrastruktur og teknisk drift (vegar, drikkevatt, avløp, renovasjon, straum osv)
- 6) Tryggheit og sikkerheit (brann, redning, kriseleieing osv.)
- 7) Digital sikkerheit (internett, mobilnett, nødnett osv.)
- 8) Øving på å handtere kriser?

Eg ser at dette kan bli svært omfattande. Er det likevel muleg å gje eit kort orientering om beredskapssituasjonen i kommunen nett no?

Svar frå kommunedirektøren: Etter tilsynet frå Statsforvaltare som skal gjennomførast 7.mai, vil ein kome tilbake med utfyllande informasjon på temaet Beredskap.

Viser også til presentasjonen som ligg ved i denne saka.

Spørsmål frå representanten Ellen Hilde Hauge (H)

Kor mykje midlar får vi frå SFO og går alle midlane som kommunen får til SFO ?

Svar frå kommunedirektøren: Kommunen si løyving til SFO er ein del av rammeoverføringa. Det er gjort ei utrekning på dette og vi har sett på effekt av innføring av gratis SFO 1-3.klasse

Tal årsverk i SFO har gått opp frå 9 årsverk til 11, 6 årsverk i 2024. I 2025 er det 11,65 årsverk.

Budsjett 8 mill i 2023- 9,6 i 2025. Inntektene har gått ned som følgje av gratis SF

Utgiftene har auka 2022-2025 frå 4,2-6,5 mill. Førbels konklusjon er at vi brukar alle midlane vi får til SFO til denne tenesta.

Tønning skule har fått fleire deltakarar i SFO. Her kan det bli utfordringar med plass/lokaler.

5-dagers skuleveke Etterlyser framgangen i denne saka. Ein ventar å få sak på dette i neste møte i Utval for Oppvekst.

Svar frå kommunedirektøren : Spørsmålet om innføring av 5-dagers skuleveke har vore drøta i skulane/ rektor/skluelleinga. Hovedkonklusjonen er at det er fleire som peikar på at det er organisatoriske og pedagogiske fordeler med 5-dagers skuleveke. Det er noko ulike tilbakemeldingar frå dei ulike skulane, men hovedtrekk er at ein ser det som ein fordel. For dei elevane som også går på SFO kan det bli ei ulempe med at ein får ein lang dag kvar dag. Her er altså både fordeler og ulemper. Effekten av dette er at ein frigjer arbeidskraft sidan eindel har deltidsstilling som følgje av at det er 4-dagers skuleveke. Skuleskyss: det er innleda samtalar med skysskontoret for å avklare forhold rundt midtskyss. Vidare handsaming av dette skjer i Utval for oppvekst.

Spørsmål frå representanten Vegard Rake Midttun (H):

Når det no ser ut til at HUXE blir ein del av det eksiterande arealet på Stryn Vidaregåande skule, Har kommunen dradd tankar om at HUXE no blir ein del av eksiterande areal i Stryn VGS og korleis er dette tenkt løyst for framtida dersom ein får nye klassar og fagfelt.

Svar frå kommunedirektøren: Utgangspunktet i avtalen med Vestland fylkeskommunen er at det er ledig areal som skal utnyttast i prosjektet HUXE. Dersom ein bygger må kommunen og fylkeskommunen sikre at ein ikkje byggjer for stort samla areal.

Nedgangen i sjukefråver, kan ein seie at tiltaka som er sette i verk "Vil du knekke sykefraværskoden" har gjort at sjukefråveret har gått ned med 0,5%.

Svar frå kommunedirektøren: Det er for tidleg å konkludere med at det er prosjektet "Vil du knekke sykefraværskoden" kan tilskrivast nedgangen i sjukefråværet. I desse dagar blir det gjennomført 10-faktor medarbeiderundersøking. Når vi får svaret på denne underøkinga vil vi

ha betre grunnlag for å seie noko om trivsel og andre faktorar som har innverknad på arbeidsmiljøet.

KS- 003/26 Vedtak:

Referatsaker vert teke til vitande.

004/26: Årsmelding Stryn kontrollutval

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Saka vert sendt til kommunestyret med følgjande tilråding: Kontrolltuvalet si årsmelding for 2025 vert teken til vitande.

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Medlem i Kontrollutvalet Anders Magne Vik (Frp) orientere før handsaming av saka. Kontrollutvalet sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 004/26 Vedtak:

Kontrolltuvalet si årsmelding for 2025 vert teken til vitande.

005/26: Avvikling av vikarpool i pleie- og omsorgstenestene

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vikarpoolordingen i pleie- og omsorgstenestene i Stryn kommune blir avvikla med mål om verknad frå 01.07.2026. Dette blir finansiert innanfor vedtekne budsjетtrammer.

Utval for helse og sosial 12.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

UHS- 006/26 Vedtak:

Vikarpoolordingen i pleie- og omsorgstenestene i Stryn kommune blir avvikla med mål om verknad frå 01.07.2026. Dette blir finansiert innanfor vedtekne budsjетtrammer.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 004/26 Vedtak:

Vikarpoolordningen i pleie- og omsorgstenestene i Stryn kommune blir avvikla med mål om verknad frå 01.07.2026. Dette blir finansiert innanfor vedtekne budsjetttrammer.

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Kommunalsjef helse og sosial Alexander Rande orienterte før handsaming av saka, samt svarte spørsmål innsendt av representanten Vegard Sindre Bjørlykke (Frp). Svar på spørsmåla ligg som vedlegg til denne saka.

1. Organisering og leiging

Kvifor er det ikkje vurdert å organisere vikarpool under ein eigen avdelingsleiar framfor å avvikle ordninga?

Kva alternative organisatoriske løysingar er vurderte for å møte utfordringane som er skildra?

2. Bruk av kompetanse på tvers av avdelingar

Korleis skal kommunen sikre fleksibel bruk av kompetanse mellom avdelingar når tilsette vert fast plasserte i éi avdeling?

Kven får det operative ansvaret for å koordinere og omdisponere personell mellom avdelingane ved varierende bemanningsbehov?

3. Turnus og dekning av lengre fråvær

Er alternative turnusordningar vurderte, til dømes lengre turnusperiodar (t.d. 6-vekars turnus), for å kunne dekke lengre fråvær utan bruk av ekstern innleige?

Kva vurderingar er gjort av andre arbeidsvilkår som kan vidareføre intensjonen bak vikarpool?

4. Handtering av korttidsfråvær

Korleis skal bemanning ved korttidsfråvær organiserast etter avvikling av vikarpool?

Kva system eller funksjon skal sikre at interne ressursar vert nytta før overtid eller innleige frå vikarbyrå?

5. Vidare arbeid med heiltidskultur

Vikarpool vart etablert for å styrkje heiltidskulturen.

Korleis skal kommunen no arbeide vidare for å utvikle heiltidskultur?

Kva konkrete tiltak og mål skal sikre auka heiltidsandel framover?

6. Risiko for auka overtid og ekstern innleige

Kva risikovurderingar er gjennomførte knytt til mogleg auke i overtid og bruk av ekstern innleige etter avvikling?

Kven skal ha ansvar for å organisere bemanning dersom ei avdeling har personell til overs samstundes som ei anna avdeling har bemanningsmangel?

7. Evaluering før permanent avvikling

Kvifor vert det ikkje lagt opp til ei evaluering av ei justert eller endra ordning før permanent avvikling?

Vil administrasjonen vurdere ein pilot eller ein justert modell med tydeleg leiging og koordinering av ressursar på tvers før ordninga vert avvikla?

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 005/26 Vedtak:

Vikarpoolordingen i pleie- og omsorgstenestene i Stryn kommune blir avvikla med mål om verknad frå 01.07.2026. Dette blir finansiert innanfor vedtekne budsjетtrammer.

006/26: Fastsetjing av maksimalt vederlag for opphald i institusjon 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Jf. § 3 i forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester fastset Stryn følgjande tak for vederlag pr. måned for opphald i institusjon i 2026:

Sjukeheimplass pr. år. pr. plass	Pr. mnd.	Pr. døgn
1 509 212,36	125 767,70	4 134,83

Utval for helse og sosial 12.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

UHS- 005/26 Vedtak:

Jf. § 3 i forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester fastset Stryn følgjande tak for vederlag pr. måned for opphald i institusjon i 2026:

Sjukeheimplass pr. år. pr. plass	Pr. mnd.	Pr. døgn
1 509 212,36	125 767,70	4 134,83

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 005/26 Vedtak:

Jf. § 3 i forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester fastset Stryn følgjande tak for vederlag pr. måned for opphald i institusjon i 2026:

Sjukaheims plass pr. år. pr. plass	Pr. mnd.	Pr. døgn
1 509 212,36	125 767,70	4 134,83

Kommunestyret 12.03.2026:**Handsaming:**

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 006/26 Vedtak:

Jf. § 3 i forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester fastset Stryn følgjande tak for vederlag pr. måned for opphald i institusjon i 2026:

Sjukaheims plass pr. år. pr. plass	Pr. mnd.	Pr. døgn
1 509 212,36	125 767,70	4 134,83

007/26: Godkjenning delavtaler mellom Helse Førde og Stryn kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Stryn kommune godkjenner følgjande delavtaler mellom Helse Førde HF og Stryn kommune:

- Delavtale om tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus
- Endring av overordna samarbeidsavtale i Sogn og Fjordane helsefellesskap

Utval for helse og sosial 12.02.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

UHS- 004/26 Vedtak:

Stryn kommune godkjenner følgjande delavtaler mellom Helse Førde HF og Stryn kommune:

- Delavtale om tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus
- Endring av overordna samarbeidsavtale i Sogn og Fjordane helsefellesskap

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Framlegg frå Utval for helse og sosial samrøystes tilrådd.

FO- 007/26 Vedtak:

Stryn kommune godkjenner følgjande delavtaler mellom Helse Førde HF og Stryn kommune:

- Delavtale om tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus
- Endring av overordna samarbeidsavtale i Sogn og Fjordane helsefellesskap

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 007/26 Vedtak:

Stryn kommune godkjenner følgjande delavtaler mellom Helse Førde HF og Stryn kommune:

- Delavtale om tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus
- Endring av overordna samarbeidsavtale i Sogn og Fjordane helsefellesskap

008/26: Rapport over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 31. desember 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner rapporten over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 31.12.2025 slik den ligg føre.

Finansutvalet 24.02.2026:

Handsaming:

Finansutvalet bad om at det blir lagt fram ei vurdering av fordeling av låneporteføljen med bruk av fastrente og flytande rente og ulik fordeling av dette.
Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FIU- 004/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner rapporten over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 31.12.2025 slik den ligg føre.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Representanten Rune Myklebust hadde fått permisjon, det var 6 røsyteføre

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 010/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner rapporten over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 31.12.2025 slik den ligg føre.

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren: utgreiing av spørsmålet om binding av renta som det vart stilt spørsmål om i Finansutvalet vert svart ut i eit seinare møte.
Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 008/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner rapporten over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 31.12.2025 slik den ligg føre.

009/26: Stryn kulturskule - friplassar for elevar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Inkluderingsutvalet 10.02.2026:

Handsaming:

Innspel frå utvalet, foreslått av Torstein Tvinnereim, VenstreVenstreVenstre

Inkluderingsutvalet ser det som særst positivt at ein prøver ut ordninga og vonar ordninga kan halde fram også etter prøveperioden.

Coopordninga gjeld no kun for idrett. Det betyr no at Kulturskulen ikkje har noko ordning med friplass.

Torstein Tvinnereim kom med slikt tilleggsframlegg:

Inkluderingsutvalet ser det som særst positivt at ein prøver ut ordninga og vonar ordninga kan halde fram også etter prøveperioden.

IU- 005/26 Vedtak:

Inkluderingsutvalet kjem med slik uttale i saka:

Inkluderingsutvalet ser det som særst positivt at ein prøver ut ordninga og vonar ordninga kan halde fram også etter prøveperioden.

Utval for samfunnsutvikling 12.02.2026:

Handsaming:

Friplasser i Stryn Kulturskule, foreslått av Vegard Sindre Bjørlykke,
FramstegspartietFramstegspartietFramstegspartiet

Med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon vil det ikkje gått vidare med arbeidet ang friplasser i Stryn Kulturskule.

Nytt forslag

Ingrid Heieren Sølvberg deltok under saka for å orientere og svare på spørsmål.

Vegard Bjørlykke (Frp) kom med følgjande framlegg:

Med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon vert det ikkje gått vidare med arbeidet ang friplasser i Stryn Kulturskule.

Framlegget frå Bjørlykke fekk 1 røyst og fall.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart tilrådd med 6 røyster.

USA- 008/26 Vedtak:

Stryn kulturskule ønskjer å sjå vidare på ei ordning for å kunne tilby friplassar for elevar. Ein ser føre seg start frå hausten 2026 med 10 friplassar, med evaluering etter eit halvt år. For at dette skal vere ei varig ordning vil kulturskulen fremme eit tiltak budsjett for 2027 med kostnad for 10 plassar.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Representanten Rune Myklebust hadde fått permisjon, det var 6 røsyteføre
Framlegg frå Utval for samfunnsutvikling samrøystes tilrådd.

FO- 016/26 Vedtak:

Stryn kulturskule ønskjer å sjå vidare på ei ordning for å kunne tilby friplassar for elevar. Ein ser føre seg start frå hausten 2026 med 10 friplassar, med evaluering etter eit halvt år. For at dette skal vere

ei varig ordning vil kulturskulen fremme eit tiltak budsjett for 2027 med kostnad for 10 plassar.

Ungdomsrådet 02.03.2026:

Handsaming:

Ungdomsrådet er samde med uttale frå Frp, med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon. Ungdomsrådet foretrekk ei løysing med inntektsgradert reduksjon i pris for husstandar med låg økonomi, og vurderar dette som beste alternativ. Rådet vurderar også at ein eigenandel kan sikre at deltakar er motivert for å gå på kulturskulen.

Ungdomsrådet sitt framlegg er samrøystes vedteke.

UR- 013/26 Vedtak:

Ungdomsrådet er samde med uttale frå Frp, med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon. Ungdomsrådet foretrekk ei løysing med inntektsgradert reduksjon i pris for husstandar med låg økonomi, og vurderar dette som beste alternativ. Rådet vurderar også at ein eigenandel kan sikre at deltakar er motivert for å gå på kulturskulen.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

REF- 008/26 Vedtak:

Stryn kulturskule ønskjer å sjå vidare på ei ordning for å kunne tilby friplassar for elevar. Ein ser føre seg start frå hausten 2026 med 10 friplassar, med evaluering etter eit halvt år. For at dette skal vere ei varig ordning vil kulturskulen fremme eit tiltak budsjett for 2027 med kostnad for 10 plassar.

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Framlegg til vedtak, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre
Fremmar forslaget som ble vedteke i USA og formannskapet.

Repesentantn Ander Hamre Sveen (R) peika på at det var uklarheit i vedtaket som ligg føre. Det vart klarlagt at kommunedirektøren sitt framlegget er likelydande med Utval for samfunnsutvikling si tilråding.

Stryn kulturskule ønskjer å sjå vidare på ei ordning for å kunne tilby friplassar for elevar. Ein ser føre seg start frå hausten 2026 med 10 friplassar, med evaluering etter eit halvt år. For at dette skal vere ei varig ordning vil kulturskulen fremme eit tiltak budsjett for 2027 med kostnad for 10 plassar.

Representanten Ellen Hilde Hauge (H) fremja dette framlegget.

Reprsenanten Anders Magne Vik (Frp) fremja Ungdomsrådet sitt framlegg:

Ungdomsrådet er samde med uttale frå Frp, med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon. Ungdomsrådet foretrekk ei løysing med inntektsgradert reduksjon i pris for husstandar med låg

økonomi, og vurderar dette som beste alternativ. Rådet vurderar også at ein eigenandel kan sikre at deltakar er motivert for å gå på kulturskulen.

Det vart røysta ved at desse to framlegga vart sett opp mot kvarandre. Framlegget frå Utval for samfunnsutvikling vart vedteke mot 1 røyst. Representanten Anders Magne Vik (Frp) røysta mot.

KS- 009/26 Vedtak:

Stryn kulturskule ønskjer å sjå vidare på ei ordning for å kunne tilby friplassar for elevar. Ein ser føre seg start frå hausten 2026 med 10 friplassar, med evaluering etter eit halvt år. For at dette skal vere ei varig ordning vil kulturskulen fremme eit tiltak budsjett for 2027 med kostnad for 10 plassar.

010/26: Årshjul - politisk handsaming av budsjett og rekneskap i 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegget til politisk handsaming av saker vedr. økonomiområdet i 2026 vert vedteke som vist i tabellen ovanfor.

Finansutvalet 24.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FIU- 005/26 Vedtak:

Framlegget til politisk handsaming av saker vedr. økonomiområdet i 2026 vert vedteke som vist i tabellen ovanfor.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Representanten Rune Myklebust hadde fått permisjon, det var 6 røsyteføre
Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 011/26 Vedtak:

Framlegget til politisk handsaming av saker vedr. økonomiområdet i 2026 vert vedteke som vist i tabellen ovanfor.

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 010/26 Vedtak:

Framlegget til politisk handsaming av saker vedr. økonomiorrådet i 2026 vert vedteke som vist i tabellen ovanfor.

012/26: Høyring - forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stryn kommune stiller seg positiv til forslaget til forskrift om overnattingsavgift til kommunane.
2. Stryn kommune støttar dei foreslåtte nasjonale fritaka og vurderer at desse er føremålstenlege og rimelege.
3. Stryn kommune understrekar viktigheita av robuste og effektive system for innkreving av avgift frå digitale plattformer som Airbnb, Hotels.com, Booking.com m.fl., og meiner at desse elementa er ein føresetnad for rettferdig og effektiv avgiftsinnkrevjing.
4. Stryn kommune peikar på at innføring av overnattingsavgift vil vere avgjerande for å finansiere nødvendige fellesgoder som toalett, avfallshandtering, informasjon, stibygging og parkering, og at dette er ein føresetnad for berekraftig reiseliv i kommunen.
5. Høyringsuttalen i dette saksframlegget blir sendt Nærings- og fiskeridepartementet som Stryn kommune si fråsegn.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 5 røyster vart tilrådd. Repersentantane Alsaker (V) og Hauge(H) røysta mot.

FO- 030/26 Vedtak:

1. Stryn kommune stiller seg positiv til forslaget til forskrift om overnattingsavgift til kommunane.
2. Stryn kommune støttar dei foreslåtte nasjonale fritaka og vurderer at desse er føremålstenlege og rimelege.

3. Stryn kommune understrekar viktigheita av robuste og effektive system for innkreving av avgift frå digitale plattformer som Airbnb, Hotels.com, Booking.com m.fl., og meiner at desse elementa er ein føresetnad for rettferdig og effektiv avgiftsinnkreving.

4. Stryn kommune peikar på at innføring av overnattingsavgift vil vere avgjerande for å finansiere nødvendige fellesgoder som toalett, avfallshandtering, informasjon, stibygging og parkering, og at dette er ein føresetnad for berekraftig reiseliv i kommunen.

5. Høyringsuttalen i dette saksframlegget blir sendt Nærings- og fiskeridepartementet som Stryn kommune si fråsegn.

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Framlegg til tilleggspunkt frå Raudt Stryn Nei til krav om plan av bruk av inntekter, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

Stryn kommune meiner at forskrifta ikkje bør innehalde dei krava som ligg inne i høyringsnotatet, knytta til at kommunen skal måtte utarbeide ein plan for bruken av inntektene frå avgifta. Stryn kommune meiner difor at òg kravet om at ein slik kommunal forskrift om overnattingsavgift ikkje skal kunne tre i kraft før departementet har godkjend at ein slik plan er utarbeidd i tråd med desse formelle krava må fjernast. Stryn kommune går vidare inn for at det òg må gjerast dei nødvendige endringane i Besøksbidragslova, i tråd med desse innvendingane til det gjeldande høyringsnotatet.

Framlegg til tilleggspunkt frå Raudt Stryn Nei til avgrensing av kva føremål som kan finansierast, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

Stryn kommune meiner at det ikkje bør vere nokon avgrensing på kva for føremål inntektene frå ein slik overnattingsavgift kan vere med på å finansiere. I tillegg til å medfinansiere turismerelaterte utgifter bør inntektene til ein slik avgift òg kunne vere med på medfinansiere andre føremål. I høyringsnotatet står det at «inntektene fra avgiften skal gå til å finansiere reiselivsrelaterte fellesgoder». Stryn kommune meiner det må vere opp til kvar einskild kommune kva for tiltak ein vel å medfinansiere med hjelp av inntektene frå ein slik overnattingsavgift.

Framlegg til tilleggspunkt frå Raudt Stryn Høgare prosentvis påslag, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

Stryn kommune meiner at Nærings- og fiskeridepartementet legg opp til ei overnattingsavgift som er for låg. I høyringsnotatet står det at «Overnattingsavgiften skal beregnes som et prosentvist påslag på 3 prosent». Slik Stryn kommune ser det, bør overnattingsavgiften til kommunane vere eit prosentvist påslag på minimum 10 prosent.

Framlegg til tilleggspunkt frå Raudt Stryn Mogelegheit til å krevje inn cruiseavgift òg når det ikkje er overnatting, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

I høyringsnotatet vert det slått fast at Besøksbidragsloven gjev hjemmel til innføring av ei avgift frå cruiseverksemd. Ei slik cruiseavgift bør ikkje berre gjelde når det er snakk om overnatting på hotellskip, altså at folk overnattar på det som fungerer som eit hotellskip i tidsrommet mellom kl. 24:00 og kl. 06:00. Kommunane bør òg få myndigheit til å innføre ei cruiseavgift per cruisepassasjer, i same storleik som overnattingsavgifta, i dei tilfella der eit cruiseskip legg til kai i kommunen i tidsrommet mellom kl. 06:00 og kl. 24:00.

Endring punkt 3.2, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

Kommunedirektøren støttar departementet sitt syn om at dei besøkande i større grad bør bidra til kostnadane dei påfører lokalsamfunnet. Stryn kommune meiner at ein må sjå turismenæringa som heilheit, og ei overnattingsavgift vil – slik vi ser det ramme dei som allereie betalar for renovasjon/skatt med meir. I Stryn kommune er dei største utfordringane knytt til villcamping/cruiseturistar/bussturistar. Det vil derfor vere urettferdig å innføre ei overnattingsavgift på 3% for imøtekome dei problemstillingane ein har i dag.

Tillegg i punkt 3.6, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

Stryn kommune vil presisere viktigheita av å gjere det mogleg å innføre cruiseavgift uavhengig av overnattingsavgift.

Endring punkt 1 i vedtak, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

Stryn kommune meier ei forskrift må omhandle meir enn berre overnattingsavgift. Og slik forslaget ligg no vil dette treffe overnattingsbedriftene hardt.

Punkt 4, foreslått av Ellen Hilde Hauge, HøgreHøgre

Strykast

Framlegg frå representanten Anders Hamre Sveen (R)

1.Stryn kommune meiner at forskrifta ikkje bør innehalde dei krava som ligg inne i høyringsnotatet, knytta til at kommunen skal måtte utarbeide ein plan for bruken av inntektene frå avgifta. Stryn kommune meiner difor at òg kravet om at ein slik kommunal forskrift om overnattingsavgift ikkje skal kunne tre i kraft før departementet har godkjend at ein slik plan er utarbeidd i tråd med desse formelle krava må fjernast. Stryn kommune går vidare inn for at det òg må gjerast dei nødvendige endringane i Besøksbidragslova, i tråd med desse innvendingane til det gjeldande høyringsnotatet.

Framlegget fekk 1 røyst og fall

2.Stryn kommune meiner at det ikkje bør vere nokon avgrensing på kva for føremål inntektene frå ein slik overnattingsavgift kan vere med på å finansiere. I tillegg til å medfinansiere turismerelaterte utgifter bør inntektene til ein slik avgift òg kunne vere med på medfinansiere andre føremål. I høyringsnotatet står det at «inntektene fra avgiften skal gå til å finansiere reiselivsrelaterte fellesgoder». Stryn kommune meiner det må vere opp til kvar einskild kommune kva for tiltak ein vel å medfinansiere med hjelp av inntektene frå ein slik overnattingsavgift.

Framlegget fekk 1 røyst og fall

3.Stryn kommune meiner at Nærings- og fiskeridepartementet legg opp til ei overnattingsavgift som er for låg. I høyringsnotatet står det at «Overnattingsavgiften skal beregnes som et prosentvist påslag på 3 prosent». Slik Stryn kommune ser det, bør overnattingsavgiften til kommunane vere eit prosentvist påslag på minimum 10 prosent.

Framlegget fekk 1 røyst og fall.

4. I høyringsnotatet vert det slått fast at Besøksbidragsloven gjev hjemmel til innføring av ei avgift frå cruiseverksemd. Ei slik cruiseavgift bør ikkje berre gjelde når det er snakk om overnatting på hotellskip, altså at folk overnattar på det som fungerer som eit hotellskip i tidsrommet mellom kl. 24:00 og kl. 06:00. Kommunane bør òg få myndigheit til å innføre ei cruiseavgift per cruisepassasjer, i same storleik som overnattingsavgifta, i dei tilfella der eit cruiseskip legg til kai i kommunen i tidsrommet mellom kl. 06:00 og kl. 24:00.

Raudt trekte dette framlegget

Framlegg frå Høgre, Venstre, Krf og Frp

Endring til punkt 3.2

Kommunedirektøren støttar departementet sitt syn om at dei besøkande i større grad bør bidra til kostnadane dei påfører lokalsamfunnet. Stryn kommune meiner at ein må sjå turismenæringa som heilheit, og ei overnattingsavgift vil – slik vi ser det ramme dei som allereie betalar for

renovasjon/skatt med meir. I Stryn kommune er dei største utfordringane knytt til villcamping/cruiseturistar/bussturistar. Det vil derfor vere urettferdig å innføre ei overnattingsavgift på 3% for imøtekomme dei problemstillingane ein har i dag.

13 stemmer og vart vedteke.

Tilleg til punkt 3.6

Stryn kommune vil presisere viktigheita av å gjere det mogleg å innføre cruiseavgift uavhengig av overnattingsavgift.

15 røyster og vedteke

Endring punkt 1 i vedtak

Stryn kommune meier ei forskrift må omhandle meir enn berre overnattingsavgift. Og slik forslaget ligg no vil dette treffe overnattingsbedriftene hardt.

Framlegget fekk 13 røyster og vart vedteke

Stryke punkt 4 i kommunedirektøren sitt framlegg:

4. Stryn kommune peikar på at innføring av overnattingsavgift vil vere avgjerande for å finansiere nødvendige fellesgoder som toalett, avfallshandtering, informasjon, stibygging og parkering, og at dette er ein føresetnad for berekraftig reiseliv i kommunen.

Framlegget fekk 13 røyster og vart vedteke. Ordførar nytta si dobbeltstemme.

Punktet vert teke ut.

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg med endringar. Vedteke mot 1 røyst.

KS- 012/26 Vedtak:

1. Stryn kommune meier ei forskrift må omhandle meir enn berre overnattingsavgift. Og slik forslaget ligg no vil dette treffe overnattingsbedriftene hardt.

2. Stryn kommune støttar dei foreslåtte nasjonale fritaka og vurderer at desse er føremålstenlege og rimelege.

3. Stryn kommune understrekar viktigheita av robuste og effektive system for innkreving av avgift frå digitale plattformer som Airbnb, Hotels.com, Booking.com m.fl., og meiner at desse elementa er ein føresetnad for rettferdig og effektfull avgiftsinnkreving.

5. Høyringsuttalen i dette saksframlegget blir sendt Nærings- og fiskeridepartementet som Stryn kommune si fråsegn.

Punkt 3.2 får denne ordlyden:

Kommunestyret støttar departementet sitt syn om at dei besøkande i større grad bør bidra til kostnadane dei påfører lokalsamfunnet. Stryn kommune meiner at ein må sjå turismenæringa som heilheit, og ei overnattingsavgift vil – slik vi ser det ramme dei som allereie betalar for renovasjon/skatt med meir. I Stryn kommune er dei største utfordringane knytt til villcamping/cruiseturistar/bussturistar. Det vil derfor vere urettferdig å innføre ei overnattingsavgift på 3% for imøtekomme dei problemstillingane ein har i dag.

Punkt 3.6 Cruiseavgift får denne ordlyden:

Regjeringa har sett i gang ei utredning av ei kommunal cruiseavgift, med mål om at kommunane kan starte innkreving i løpet av 2027. Arbeidet med å få på plass ei cruiseavgift er ein del av oppfølginga av lova om besøksbidrag, som etter planen trer i kraft 1. juli 2026.

Stryn kommune vil presisere viktigheita av å gjere det mogleg å innføre cruiseavgift uavhengig av

overnattingsavgift.

011/26: Kommunedelplan for naturmangfold - vedtak om fastsetjing av planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald plan og bygningslova § 11 – 13 vert planprogrammet, inkludert grøn infrastruktur, fastsett slik det ligg føre.

Utval for samfunnsutvikling 12.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

USA- 005/26 Vedtak:

I medhald plan og bygningslova § 11 – 13 vert planprogrammet, inkludert grøn infrastruktur, fastsett slik det ligg føre.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 008/26 Vedtak:

I medhald plan og bygningslova § 11 – 13 vert planprogrammet, inkludert grøn infrastruktur, fastsett slik det ligg føre.

Kommunestyret 12.03.2026:**Handsaming:**

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 011/26 Vedtak:

I medhald plan og bygningslova § 11 – 13 vert planprogrammet, inkludert grøn infrastruktur, fastsett slik det ligg føre.

013/26: Solvik bustadfelt - fastsetjing av tomtepris**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Tomtene i Solvik bustadfelt kan leggest ut for sal med pris på tomtene for grunnkjøp og anleggsbidrag i samsvar med tabell:

Tomt nr:	Areal	Grunnkjøp	Faktor	Anleggsbidrag	Tomtepris
Tomt 1	979,18	kr 257 677	1,01	kr 1 258 936	kr 1 516 613
Tomt 2	989,92	kr 260 503	1,01	kr 1 258 936	kr 1 519 439
Tomt 3	984,58	kr 259 098	1,01	kr 1 258 936	kr 1 518 034
Tomt 4	983,02	kr 258 688	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 624
Tomt 5	980,84	kr 258 114	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 050
Tomt 6	981,6	kr 258 314	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 250
Tomt 7	954,69	kr 251 232	1,01	kr 1 258 936	kr 1 510 168
Tomt 8	914,04	kr 240 535	1,01	kr 1 258 936	kr 1 499 471
Tomt 9	902,87	kr 237 596	1,01	kr 1 258 936	kr 1 496 532
Tomt 10	977,84	kr 257 324	0,90	kr 1 121 240	kr 1 378 564
Tomt 11	931,84	kr 245 219	1,01	kr 1 258 936	kr 1 504 155
Tomt 12	919,73	kr 242 032	1,01	kr 1 258 936	kr 1 500 968
Tomt 13	907,39	kr 238 785	1,01	kr 1 258 936	kr 1 497 721
Tomt 14	896,33	kr 235 875	1,01	kr 1 258 936	kr 1 494 811
Tomt 15	881,77	kr 232 043	1,01	kr 1 258 936	kr 1 490 979
Tomt 16	854,44	kr 224 851	0,90	kr 1 121 240	kr 1 346 091
Tomt 17	902,14	kr 237 404	1,01	kr 1 258 936	kr 1 496 340
Tomt 18	895,9	kr 235 761	1,01	kr 1 258 936	kr 1 494 697
Tomt 19	887,83	kr 233 638	1,01	kr 1 258 936	kr 1 492 574
Tomt 20	872,77	kr 229 675	1,01	kr 1 258 936	kr 1 488 611
Tomt 21	877,48	kr 230 914	1,01	kr 1 258 936	kr 1 489 850
BBB1	2659,82	kr 699 947	0,98	4 883 622,70	kr 5 583 570
BBB2	2524,06	kr 664 221	0,98	4 883 622,70	kr 5 547 844
BBB3	4572,75	kr 1 203 346	1,03	6 428 442,13	kr 7 631 788
Totalt	29232,83	kr 7 692 793		kr 42 357 952	

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 027/26 Vedtak:

Tomtene i Solvik bustadfelt kan leggst ut for sal med pris på tomtene for grunnkjøp og anleggsbidrag i samsvar med tabell:

Tomt nr:	Areal	Grunnkjøp	Faktor	Anleggsbidrag	Tomtepris
Tomt 1	979,18	kr 257 677	1,01	kr 1 258 936	kr 1 516 613
Tomt 2	989,92	kr 260 503	1,01	kr 1 258 936	kr 1 519 439
Tomt 3	984,58	kr 259 098	1,01	kr 1 258 936	kr 1 518 034
Tomt 4	983,02	kr 258 688	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 624
Tomt 5	980,84	kr 258 114	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 050
Tomt 6	981,6	kr 258 314	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 250
Tomt 7	954,69	kr 251 232	1,01	kr 1 258 936	kr 1 510 168
Tomt 8	914,04	kr 240 535	1,01	kr 1 258 936	kr 1 499 471
Tomt 9	902,87	kr 237 596	1,01	kr 1 258 936	kr 1 496 532
Tomt 10	977,84	kr 257 324	0,90	kr 1 121 240	kr 1 378 564
Tomt 11	931,84	kr 245 219	1,01	kr 1 258 936	kr 1 504 155
Tomt 12	919,73	kr 242 032	1,01	kr 1 258 936	kr 1 500 968
Tomt 13	907,39	kr 238 785	1,01	kr 1 258 936	kr 1 497 721
Tomt 14	896,33	kr 235 875	1,01	kr 1 258 936	kr 1 494 811
Tomt 15	881,77	kr 232 043	1,01	kr 1 258 936	kr 1 490 979
Tomt 16	854,44	kr 224 851	0,90	kr 1 121 240	kr 1 346 091
Tomt 17	902,14	kr 237 404	1,01	kr 1 258 936	kr 1 496 340
Tomt 18	895,9	kr 235 761	1,01	kr 1 258 936	kr 1 494 697
Tomt 19	887,83	kr 233 638	1,01	kr 1 258 936	kr 1 492 574
Tomt 20	872,77	kr 229 675	1,01	kr 1 258 936	kr 1 488 611
Tomt 21	877,48	kr 230 914	1,01	kr 1 258 936	kr 1 489 850
BBB1	2659,82	kr 699 947	0,98	4 883 622,70	kr 5 583 570
BBB2	2524,06	kr 664 221	0,98	4 883 622,70	kr 5 547 844
BBB3	4572,75	kr 1 203 346	1,03	6 428 442,13	kr 7 631 788
Totalt	29232,83	kr 7 692 793		kr 42 357 952	

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 013/26 Vedtak:

Tomtene i Solvik bustadfelt kan leggst ut for sal med pris på tomtene for grunnkjøp og anleggsbidrag i samsvar med tabell:

Tomt nr:	Areal	Grunnkjøp	Faktor	Anleggsbidrag	Tomtepris
Tomt 1	979,18	kr 257 677	1,01	kr 1 258 936	kr 1 516 613
Tomt 2	989,92	kr 260 503	1,01	kr 1 258 936	kr 1 519 439
Tomt 3	984,58	kr 259 098	1,01	kr 1 258 936	kr 1 518 034
Tomt 4	983,02	kr 258 688	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 624
Tomt 5	980,84	kr 258 114	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 050
Tomt 6	981,6	kr 258 314	1,01	kr 1 258 936	kr 1 517 250
Tomt 7	954,69	kr 251 232	1,01	kr 1 258 936	kr 1 510 168
Tomt 8	914,04	kr 240 535	1,01	kr 1 258 936	kr 1 499 471
Tomt 9	902,87	kr 237 596	1,01	kr 1 258 936	kr 1 496 532
Tomt 10	977,84	kr 257 324	0,90	kr 1 121 240	kr 1 378 564
Tomt 11	931,84	kr 245 219	1,01	kr 1 258 936	kr 1 504 155
Tomt 12	919,73	kr 242 032	1,01	kr 1 258 936	kr 1 500 968
Tomt 13	907,39	kr 238 785	1,01	kr 1 258 936	kr 1 497 721
Tomt 14	896,33	kr 235 875	1,01	kr 1 258 936	kr 1 494 811
Tomt 15	881,77	kr 232 043	1,01	kr 1 258 936	kr 1 490 979
Tomt 16	854,44	kr 224 851	0,90	kr 1 121 240	kr 1 346 091
Tomt 17	902,14	kr 237 404	1,01	kr 1 258 936	kr 1 496 340
Tomt 18	895,9	kr 235 761	1,01	kr 1 258 936	kr 1 494 697
Tomt 19	887,83	kr 233 638	1,01	kr 1 258 936	kr 1 492 574
Tomt 20	872,77	kr 229 675	1,01	kr 1 258 936	kr 1 488 611
Tomt 21	877,48	kr 230 914	1,01	kr 1 258 936	kr 1 489 850
BBB1	2659,82	kr 699 947	0,98	4 883 622,70	kr 5 583 570
BBB2	2524,06	kr 664 221	0,98	4 883 622,70	kr 5 547 844
BBB3	4572,75	kr 1 203 346	1,03	6 428 442,13	kr 7 631 788
Totalt	29232,83	kr 7 692 793		kr 42 357 952	

014/26: Val av ny vara i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om fritak frå verv som vara i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne for resten av perioden 2023-2027 vert innvilga

Sak om val av nytt varamedlem i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne vart lagt fram for valnemnda utan tilråding

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Forslag frå kommunal valnemnd, foreslått av Silje Åsnes Skarstein,
SenterpartietSenterpartietSenterpartiet
Vi føreslår Haldis Hagen som fast vara ut perioden.

Valnemnda sitt framlegg samrøystes vedteke.

KS- 014/26 Vedtak:

Haldis Hagen vert personleg vara for medlem som har fått fritak i i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

Vervet gjeld for resten av valperioden fram til 31.10.2027.

015/26: Forskrift for skulerute skuleåret 2026 - 2027**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst vedtek følgjande skulerute, slik den ligg i saka som forskrift for skule- og feriedagar for skuleåret 2026-2027. Ein legg opp til at felles kurs- og planleggingsdagar skal følgje Nordfjordkommunane sitt opplegg før skulestart.

Utval for oppvekst 06.11.2025:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke

UOP- 024/25 Vedtak:

Utval for oppvekst vedtek følgjande skulerute, slik den ligg i saka som forskrift for skule- og feriedagar for skuleåret 2026-2027. Ein legg opp til at felles kurs- og planleggingsdagar skal følgje Nordfjordkommunane sitt opplegg før skulestart.

Kommunestyret 12.03.2026:**Handsaming:**

Framlegg frå Utval for oppvekst samrøystes vedteke.

KS- 015/26 Vedtak:

Utval for oppvekst vedtek følgjande skulerute, slik den ligg i saka som forskrift for skule- og feriedagar for skuleåret 2026-2027. Ein legg opp til at felles kurs- og planleggingsdagar skal følgje Nordfjordkommunane sitt opplegg før skulestart.

016/26: Kommunekommisjonen høyringssvar rapport "En bærekraftig kommunsektor"

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune sender innspel til NOU-1 som vist i saksutgreiinga.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samøystes tilrådd.

FO- 032/26 Vedtak:

Stryn kommune sender innspel til NOU-1 som vist i saksutgreiinga.

Kommunestyret 12.03.2026:

Handsaming:

Endringsframlegg frå Raudt Stryn til høyringsinnspel fra Stryn kommune når det gjeld lærarnorma, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

«Stryn kommune går imot KS sitt innspel om at dagens lærarnorm bør endrast frå å gjelde hovudtrinn til pr skule til kommunenivå.

Dersom ein flyttar lærarnorma opp frå skulenivå til kommunenivå kan det sjå fint ut på papiret, samtidig som det vil kunne skjule store skilnadar mellom skuler, der einskilde skuler vil kunne ha for få lærarar og for store klasser, og det vil kunne vere mogleg å gjere innafor eit slikt nytt regelverk.

Lærarnorma er, slik den er utforma no, eit viktig verktøy for å freiste å sikre at elevane får nok oppfølging, lærarstøtte og tid i kvart einskild klasserom.»

Tilleggsframlegg frå Raudt Stryn Kommisjonens problematiske problemforståing, foreslått av Anders Hamre Sveen, Raudt

«Ikkje nødvendigvis storleiken det kjem an på

I høyringsnotatet frå kommunekommisjonen står det følgjande under

1.5 Kommisjonens problemforståelse:

«Mens geografien ligger fast, kan størrelse påvirkes både gjennom ulike typer samarbeid og kommunesammenslåing. Større organisasjoner vil jevnt over ha bedre forutsetninger for å drive både godt omstillingsarbeid og ivareta en effektiv drift.»

Dette er ein påstand som ikke kan få stå uimotsagt. I rapporten 'Norges best styrte kommuner – Kommuneindeksen 2025', datert 12. august 2025, og utarbeida av Agenda Kaupang på oppdrag frå Storebrand Livsforsikring AS, så har Agenda Kaupang rekna på kostnader og finansar i kommunane ved hjelp av dei endelege rekneskapstala for 2024 i Kostra.

Dei 10 kommunane med best samla resultat ifølgje Agenda Kaupang sin rapport er: Sandefjord, Kvitsøy, Rendalen, Klepp, Hå, Lurøy, Sauda, Jevnaker, Løten og Iveland. Dei 10 kommunane som ifølgje rapporten er mest effektive er: Klepp, Time, Rælingen, Larvik, Nesodden, Nannestad, Vestby, Hå, Lørenskog og Nordre Follo.

Ser ein på desse to listene så er det slåande at ikkje ein av Noreg sine 10 mest folkerike kommunar vert nemnd. Det vert derimot fleire kommunar med lågare innbyggjartal enn

gjennomsnittskommunen i Noreg. Ifølgje 'NOU Norges offentlige utredninger 2023: 9 Generalistkommunesystemet Likt ansvar – ulike forutsetninger' har gjennomsnittskommunen i Noreg 15 240 innbyggjarar.

Kvitsøy er ein kommune med 579 innbyggjarar. Dette er så klart eit ytterpunkt, men òg Rendalen (1 836 innbyggjarar), Lurøy (1 953 innbyggjarar), Sauda (4 603 innbyggjarar), Jevnaker (7 040 innbyggjarar), Løten (7 952 innbyggjarar) og Iveland (1 386 innbyggjarar) har innbyggjartal under den norske gjennomsnittskommunen. Legg ein Agenda Kaupang sin rapport til grunn så er det rett og slett ikkje dekning for påstanden «Større organisasjoner vil jevnt over ha bedre forutsetninger for å drive både godt omstillingsarbeid og ivareta en effektiv drift», når det er snakk om norske kommunar.»

Lærarnorma, foreslått av Jorunn Oddny Aa Myklebust, Senterpartiet
Stryn kommune ønskjer å halde på lærarnorma slik den er i dag.

Raudt trekte den 1.setningen i framlegget om lærarnorma : «*Stryn kommune går imot KS sitt innspel om at dagens lærarnorm bør endrast frå å gjelde hovudtrinn til pr skule til kommunenivå*»

Setningen som vart trekt vart erstatta med framlegg frå representanten Jorunn Aa Myklebust (Sp)
Stryn kommune ønskjer å halde på lærarnorma slik den er i dag.

Framlegget om lærarnorma får då denne ordlyden:

Stryn kommune ønskjer å halde på lærarnorma slik den er i dag.

Dersom ein flyttar lærarnorma opp frå skulenivå til kommunenivå kan det sjå fint ut på papiret, samtidig som det vil kunne skjule store skilnadar mellom skuler, der einskilde skuler vil kunne ha for få lærarar og for store klasser, og det vil kunne vere mogleg å gjere innafor eit slikt nytt regelverk.

Lærarnorma er, slik den er utforma no, eit viktig verkty for å freiste å sikre at elevane får nok oppfølging, lærarstøtte og tid i kvart einskild klasserom.»

Det vart røysta over framlegget: Framlegget fekk 15 røyster og vart vedteke.

Det vart røysta over tilleggsframlegg frå representanten Anders Hamre Sveen (R):

Kommisjonens problematiske problemforståing

«Ikkje nødvendigvis storleiken det kjem an på

I høringsnotatet frå kommunekommisjonen står det følgjande under

1.5 Kommisjonens problemforståelse:

«Mens geografien ligger fast, kan størrelse påvirkes både gjennom ulike typer samarbeid og kommunesammenslåing. Større organisasjoner vil jevnt over ha bedre forutsetninger for å drive både godt omstillingsarbeid og ivareta en effektiv drift.»

Dette er ein påstand som ikkje kan få stå uimotsagt. I rapporten 'Norges best styrte kommuner – Kommuneindeksen 2025', datert 12. august 2025, og utarbeida av Agenda Kaupang på oppdrag frå Storebrand Livsforsikring AS, så har Agenda Kaupang rekna på kostnadar og finansar i kommunane

ved hjelp av dei endelege rekneskapstala for 2024 i Kostra.

Dei 10 kommunane med best samla resultat ifølgje Agenda Kaupang sin rapport er: Sandefjord, Kvitsøy, Rendalen, Klepp, Hå, Lurøy, Sauda, Jevnaker, Løten og Iveland. Dei 10 kommunane som ifølgje rapporten er mest effektive er: Klepp, Time, Rælingen, Larvik, Nesodden, Nannestad, Vestby, Hå, Lørenskog og Nordre Follo.

Ser ein på desse to listene så er det slåande at ikkje ein av Noreg sine 10 mest folkerike kommunar vert nemnd. Det vert derimot fleire kommunar med lågare innbyggjartal enn gjennomsnittskommunen i Noreg. Ifølgje 'NOU Norges offentlige utredninger 2023: 9 Generalistkommunesystemet Likt ansvar – ulike forutsetninger' har gjennomsnittskommunen i Noreg 15 240 innbyggjarar.

Kvitsøy er ein kommune med 579 innbyggjarar. Dette er så klart eit ytterpunkt, men òg Rendalen (1 836 innbyggjarar), Lurøy (1 953 innbyggjarar), Sauda (4 603 innbyggjarar), Jevnaker (7 040 innbyggjarar), Løten (7 952 innbyggjarar) og Iveland (1 386 innbyggjarar) har innbyggjartal under den norske gjennomsnittskommunen. Legg ein Agenda Kaupang sin rapport til grunn så er det rett og slett ikkje dekning for påstanden «Større organisasjoner vil jevnt over ha bedre forutsetninger for å drive både godt omstillingsarbeid og ivareta en effektiv drift», når det er snakk om norske kommunar.»

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over formannskapet sitt framlegg med vedtekne endringar. Samrøystes vedteke.

KS- 016/26 Vedtak:

Stryn kommune sender innspel til NOU-1 i tråd med kommunestyret sitt vedtak.